

Bli med på ryddedugnad!

25.04.2008



Ved badestranda trengs det rydding før sesongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Utvikling har ikkje lagt opp til noko rydding i samla regi, men det er viktig å ha det ryddig i sentrum og langs stranda og elva. Det same gjeld i bustadfelta. Dette understrekar Kristian Bringedal, som kjem med ei oppmoding om å bli med på SIM sin ryddedugnad.**

På SIM si heimeside står det å lesa at avfallet som vert samla inn kan leverast kostnadsfritt på SIM sine miljøsentralar. Velforeiningar, burettslag og andre grupper av friviljuge kan vera med og rydda område som andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova.

Dei som ikkje kan vera med er offentlege etatar, næringsverksemder og arrangørar av tilstelningar. Døme på område som kan ryddast er buområde, nærområde, turstigar, skogsteigar og strender som kommunen ikkje har ryddeavtale for,

SIM avgjer først om tiltaket er innanfor føremålet til ryddedugnaden. Er det tilfelle, sender SIM bossekker til den som har ansvaret for tiltaket. Dette er spesielle, grønne sekker som kun kan nyttast i ryddedugnaden.

I sekkane kan mesteparten kastast, men grovavfall, farleg avfall og elektrisk og elektronisk avfall skal ikkje i sekkane. Det skal leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår.

Skular og barnehagar er kommunale einingar og kan ikkje vera med på denne dugnaden.

Av Ola Matti Mathisen